

FØLGJEKORT FOR FUNKSJONSHEMMA - RETNINGSLINER

1. Formål

Ordninga med følgjekort skal vere eit verkemiddel for å førebyggja isolasjon og dermed medverka til auka livskvalitet for den funksjonshemma. Ordninga vert vedteken og administrert av bustadkommunen, men er gyldig for heile landet på dei stadene som aksepterer ordninga.

2. Ordninga gjeld

Ordninga er for personar som er varig funksjonshemma. Med varig vert rekna minst 2-3 år (jfr. Trygdelova). Det må liggja føre eit openbert behov for hjelp. Sjukdomsperiodar kvalifiserer ikkje til følgjekort.

Normalt vil ordninga omfatta følgjande hovudgrupper av funksjonshemmingar :

- * rørslehemma
- * høyrsllehemma
- * synshemma
- * utviklingshemma
- * skjulte funksjonshemmingar som alvorlege psykiske lidingar, hjarte/lungesjukdommar o.a.

Svekka helsetilstand p.g.a. høg alder kvalifiserer ikkje automatisk for følgjekort.

3. Følgje

Følgje er den som til ei kvar tid er med den funksjonshemma for at denne skal kunna oppnå målet med ordninga.

Den funksjonshemma vel sjølv sitt følgje, f.eks. venn, nabo, familiemedlem, personleg assistent, støttekontakt o.a. Det vert stilt krav om at følgje skal vera fylt 16 år.

Ordningen skal ikkje medføra føremoner for følgje ut over det at følgje er med på konsertar, framsyningar o.l. der det er naudsynt at følgje er med. Følgjekort kan t.d. ikkje nyttast dersom følgje f.eks. driv eigentrening på eit treningssenter i tillegg til å hjelpa den funksjonshemma.

4. Følgjekort

Eit følgjekort stadfestar trong for hjelp, og vert skrive ut til den funksjonshemma. Følgjekortet skal gje den funksjonshemma sitt følgje fritt tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel som den funksjonshemma ikkje kunne ha delteke i eller nytta utan følgje. Følgjekortet vert skrive ut gratis av den kommunen søkjaren bur i, og nedre aldersgrense for søkjarar er normalt 8 år.

5. Søknad

Den funksjonshemma søker Fusa kommune på fastsett skjema om følgjekort. Søknaden skal innehalda passfoto. Ved behov kan ein innhente utsegn frå primærlege, legespesialist, offentlig helseinstitusjon eller kommunen sin helse- og sosialetat om at søkjaren treng følgje.

6. Periode

Kommunen vurderer kor lenge kortet skal vare når det vert skrive ut, perioden kan vere tidsavgrensa eller varig. Det skal stå på kortet kor lenge det varer.

7. Bruksområde

Følgjekortet gjeld som tilgjenge til dei aktivitetar, bygningar, transportmiddel m.m. som aksepterer ordninga. Det offentleg fastsette symbolet bør setjast opp på stader som aksepterer ordninga. Ordninga er landsdekkjande og kan brukast over kommune- og fylkesgrensene.

8. Klage

Vedtak om å innvilge eller avslå søknad om følgjekort vert å sjå på som enkeltvedtak. Dette vedtaket kan med heimel i Forvaltningslova § 28, 2. ledd klagast inn til det kommunale klageorganet.

9. Misbruk

Ved misbruk av ordninga, vil følgjekortet verte kravd tilbakelevert.

Retningsliner for Fusa kommune godkjent av Fusa kommunestyre i sak 0052/05.